

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Gry Susanne Hetlelid  
Arkivsaksnr.: 17/2306 - 2

Arkiv: 144 &76

### Planlagt behandling:

Hovudutval helse og velferd  
Hovudutval skule og barnehage

## OPPVEKSTPLAN 2018 - 2026

### Bakgrunn for saka

Klepp kommune har dei siste åra utarbeida ulike delplanar innanfor feltet oppvekst. Dette gjeld *Handlingsplan mot barnfattigdom, Handlingsplan mot vald i nære relasjonar, Psykisk helsearbeid for barn og unge i Klepp, Plan for forebygging ved skulefråvær i Klepp kommune* og *Tiltaksplan mot fråfall i vidaregåande*. Planane har i ulik grad konkrete handlingsdelar som skal utførast på ulike nivå og i ulike einingar i kommunen. For å forenkla arbeidet, og for at me tydelegare skal sjå alle barn og unge under eit, har me utarbeida ein oppvekstplan som har fokus på alle barn og unge.

I oktober 2017 vart det lagt fram ein mellombels status på planar innan oppvekstfeltet. Oppsummeringa då var: *Det vil våren 2018 bli utarbeida ein kort status for kvar plan frå oppvekstfeltet, og det vil leggest fram ein samla plan for feltet kor alle tiltak er samla.*

### Føremål

Føremålet med planen er at den skal syna ei haldning, kva syn på barn og oppvekst som skal ligga til grunn for alt arbeidet me gjer og leggja premissane for korleis tilsette skal møta innbyggerane. Kva ein god oppvekst skal vera har vore diskutert i ulike fora i forkant av planen slik at eigarskapet til det er felles blant politikarar, innbyggjarar og tilsette. I tillegg har tilsette si rolle i kontakt med innbyggjarar vore tema på ei samling for tilsette frå alle tenester til barn og unge våren 2018. Dette vil takast vidare med til neste samling som er hausten 2018.

Tanken var at ein skulle samla alle tiltak for barn og unge i ein felles plan. Dette synte seg etter kvart å vera lite hensiktsmessig då det ville blitt ei lang liste med oppdelte tiltak kor ulike einingar skulle gjera sin del. I staden er planen slik den nå føreligg meir eit dokument som syner ei haldning samtidig som den peiker på sentrale område kommunen vil ha fokus på i åra som kjem:

- «*Ingen avgjersler om meg utan meg*» - barn og unge sin stemme skal alltid verta høyrte før avgjersler blir fatta.
- «*Barn er ein tredjedel av verda sin populasjon – og heile framtida*» - alle barn og unge skal oppleva ein trygg og god oppvekst uavhengig av bakgrunn og ressursar. Kommunen skal ha tenester og ulike ordningar som legg til rette for at alle skal kunna lukkast i å skapa seg eit godt liv ut frå egne føresetnader.
- «*Nettverk er å invitera fleire inn*» - gode nettverk for barn og deira familiar er sentralt i ein trygg oppvekst.
- «*Saman blir me aller best*» - samhandling av alle tenester med mål om å gje innbyggerane våre optimale og effektive tilbod er ønskeleg for alle partar.

I tillegg har ein sett mål for oppvekstfeltet 2018 – 2016:

I Klepp skal barn og unge:

- veksa opp under trygge forhold – sosialt, fysisk og økonomisk
- oppleve trygge og meningsfulle arenaer i barnehage og skule med rom for meistring
- ha gode og varierte møtestadar og kulturtilbod

- møta tenester av høg kvalitet som vektlegg samarbeid og samhandling i eit heilskapleg og helsefremmande perspektiv

### **Implementering av ny plan**

Oppvekstplanen er ein felles plattform for barn og unge i ny organisering. Tanken bak planen er at den skal syna korleis ein god oppvekst i Klepp skal vera for alle barn og unge. Dette prinsippet er viktig å halda fast i.

Vegen vidare med å få haldningane og måla i planen heilt ut i organisasjonen vil vera sentralt i arbeidet når kommunen organiserer arbeidet med tenester til barn og unge på ein ny måte frå hausten 2018 av. Dei ulike einingane skal syna i sine styringsdokument at dei bygger på oppvekstplanen i arbeidet dei gjer ut mot innbyggjarane i kommune. Dette arbeidet vil gjera at planen blir omsett til praktiske handlingar av dei som kjenner tenesta i staden for at ei mindre gruppe utviklar tiltak som andre skal gjennomføra.

Kommunen si oppvekstgruppe vil med ny organisering leggjast ned i si nåverande form, og erstattast av oppvekstmøter kor sentrale leiarar innan oppvekst skal ha sin plass. Dette blir eit sentralt fora for felles tenesteutvikling og dermed implementering av oppvekstplanen sine haldningar og mål.

### **Vedlegg:**

- Oppvekst Klepp kommune 2018 - 2026
- Status ulike planar

### **Innstilling:**

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

Framlegg til oppvekstplan, Oppvekst Klepp kommune 2018 - 2026 blir vedteken.

Rådmannen i Klepp 22.05.2018

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.*